

Forum Nye Bergensbanen (FNB) er ein interesseorganisasjon med formål å arbeide for modernisering av Bergensbanen og bygging av Ringeriksbanen som vedteke av Stortinget i 1992.

Medlemmene i forumet er kommunane og dei 3 fylkeskommunane langs banen. NHO og LO i desse 3 fylka har møte og talerett i forumet.



Møtebok frå AU-møte 8. oktober 2014

Protokoll: Møte i arbeidsutvalet
Møtedato: 08.10.2014
Tid: 10:00-15:00
Møteleiar: Mona Hellesnes
Møtestad: Comfort Hotel Ringerike, Hønefoss
Referent: Adelheid Nes

Deltakarar: Mona H. Hellesnes, Kjell Hansen, Lars Olsen, Knut Arne Gurigard, Anne Sandum (for Trond Johansen)

Forfall: Hans Erik Ringkjøb, Trond Johansen

Sakliste:

- AU 30/14 Godkjenning av innkalling og sakliste
- AU 31/14 Godkjenning av møtebok frå AU-møte 26. august 2014
- AU 32/14 Utgreiing Ringeriksbanen
 - Oppsummering frå møtet med Statsråd Ketil Solsvik Olsen i Bergen 02.09.14
 - Tilbakemelding frå SD etter notatet dei fekk frå JBV/SVV i juni ang. planprosess og vidare framdrift for Ringeriksbanen
 - Strategi for vidare arbeid med Ringeriksbanen
- AU 33/14 KVVU Arna-Voss
 - FNBs høyringsuttale til KVVU med høyringsfrist 1. desember
- AU 34/14 Årsmøtet på Dr. Holms hotell, Geilo, 27.11.14
 - Forslag til ekstern innleiar
 - Saker
- AU 35/14 Orienteringssaker:
 - Forslag om å arrangere konferanse i Bergen sein vinter/tidleg vår 2014
 - Befaring langs traseen for Ringeriksbanen
 - Pub-kveld på Kooperativen: «Rallar for en kveld»
- AU 36/14 Eventuelt

AU 30/14 Godkjenning av innkalling og sakliste

Møtet vart varsla gjennom Outlook 25. september. Innkalling og sakliste vart sendt ut 3. oktober. Møtepapira vart sendt ut 6. oktober.

Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjende.

AU 31/14 Godkjenning av møtebok frå AU-møtet 26. august

Vedtak: Møteboka frå AU-møtet 26. august vart godkjent.

AU 32/14 Utgreiing Ringeriksbanen

Oppsummering frå møtet med Statsråd Ketil Solsvik Olsen i Bergen 02.09.14:

Mona, Trond og Adelheid hadde eit kort og uformelt møte med Ketil Solsvik Olsen i samband med Bergen Næringsråd sin årlege Transport- og Logistikkonferanse i Bergen. Vi møtte ein lyttande statsråd og fekk god tid til å legge fram våre synspunkt på vidare framdrift for Ringeriksbanen.

Hovudmomenta i samtalen:

- Vår hovudbodskap var hovudsakleg knytt til forventningar om rask framdrift og mulige tiltak for reduksjon i planleggingstid. Den same bodskapen er formidla bl.a. i møte med statssekretærene 9. juli, i kronikk i BT 1. september, og i brev sendt til SD både frå ordførarane i Ringerike, Hole og Jevnaker, og frå Bergen Næringsråd, Bergensalliansen og FNB. Statsråden bekrefta god kjennskap til dei innspela dei har fått.
- Vi nytta også høve til å gje JBV og prosjektgruppa for Ringeriksbanen skryt, dette for å gje statsråden trygghet for at han med stor sannsynlighet vil kunne få suksess med ein rask planprosess i dette prosjektet
- Statsråden ville ikkje avsløre noko kring vidare planprosess for Ringeriksbanen av hensyn til budsjettforhandlingane. Han bekrefta at regjeringa ser på bruk av statleg plan som naturleg i prosjekt av denne typen.
- Statsråden bekrefta at dei ser på Ringeriksbanen som ein fullt integrert del av InterCity, og at leiinga i JBV støttar dette 100% i møter med SD

Tilbakemelding frå SD etter notatet dei fekk frå JBV/SVV i juni ang. planprosess og vidare framdrift for Ringeriksbanen:

Vi ventar på at SD skal gje JBV ein tilbakemelding der dei avklarar den vidare framdrifta av Ringeriksbanen. Det er venta at brevet vil innehalde avklaringar av følgjande punkt:

- Om det blir statleg plan, og kva dept. som i så fall vert ansvarleg for prosessen
- Korleis prosjektet skal forhalde seg til innsigelsane til E16 Skaret-Hønefoss
- Om det skal utarbeidast kommunedelplan, eller om ein vel å gå rett på reguleringsplan
- Korleis trasévalet skal gjennomførast
- Føringer for framdrift og grad av overlapp i prosessen, ref. notatet frå JBV av 15. juni
- Forholdet mellom JBV/SVV og Ringeriksbanen/E16 Skaret-Hønefoss

Det er venta at dette brevet kjem ut i samband med framlegginga av forslag til statsbudsjett 8. oktober.

Strategi for vidare arbeid med Ringeriksbanen:

- Det er svært viktig at FNB samkøyrer sin kommunikasjon med Ringeriksregionen slik at vi snakkar med ei felles stemme og at budskapet blir tydeleg og klar. Vi bør i alle situasjonar der det er naturleg å uttale seg samkøyre kommunikasjonen, og det er ein fordel også å få andre viktige medspelarar med. Vi vil fortløpande vurdere kven vi bør snakke med, evt. brev og kronikkar som kan understøtte vårt syn og gjere saka synleg. **Første store kommunikasjonsjobb blir å svare ut forslag til statsbudsjett, med oppfølging politisk.**
- Dersom vi får gjennomslag for innspelå våre knytta til ein rask planprosess, vil etatane utføre sitt planarbeid etter ein litt annan prosess enn det dei involverte instansane er vane med. Dette vil bli krevande både for etatane sjølve, fylkesmannen og kommunane. Her er det viktig at kommunane følgjer prosessen nøye, set dei riktige ressursane på sakene, og får gjort unna saksbehandling og politiske vedtak på ein slik måte at planarbeidet kan oppretthaldast med rask framdrift. FNB bør prioritere å vere tett på denne prosessen slik at vi kan bidra til at spesielt utfordrande saker blir identifiserte tidlegast mogeleg og handtert utan at framdrifta blir hindra.
- FNB må fortløpande vurdere å få utført eigne analysar og/eller utgreiingar. Slik det ser ut no, synest det naturleg å avvente utgreiinga av Ringeriksbanen som blir levert 31. oktober før vi tek vidare stilling til dette.

Vedtak: Arbeidet med Ringeriksbanen skal ha høgt fokus framover, og FNB sitt arbeid skal, der det er naturleg, samkøyrast med Rådet for Ringeriksregionen. Mona og Adelheid lagar forslag til presse-melding frå FNB basert på innhald i statsbudsjettet, og samkøyrer med Lars.

AU 33/14 KVV Arna-Voss

KVV for Arna-Voss er ute på høyring, med høyringsfrist 1. desember. FNB er beden om å komme med høyringsuttale.

Vedtak: Adelheid koordinerer arbeidet med høyringsuttalen. Uttalen frå FNB blir samkøyrert med uttalen frå Bergensalliansen, og blir tatt opp som sak og vedtatt på årsmøtet.

AU 34/14 Årsmøtet på Dr. Holms hotell, Geilo, 27.11.14

Forslag til innleiarar vart diskutert, og det vart føreslått å ta kontakt med følgjande personar:

- Terje Moe Gustavsen, Statens Vegvesen
- Elisabeth Enger, alt. Gunnar Løvås, Jernbaneverket
- Nils Akselberg, Myrkdalen Fjellandsby

Vi inviterer John-Ragnar Årset og Jernbaneverket v. Lars Christian Stendal med på årsmøtet.

Revidert handlingsplan skal leggest fram på årsmøtet.

Vedtak: Adelheid og Mona får ansvaret for å skaffe innleiarar til årsmøtet. Adelheid lagar forslag til revidert handlingsplan.

AU 35/14 Orienteringssaker:

Bergensbanekonferanse i Bergen sein vinter/tidleg vår 2014.

Det har vore løyseleg diskutert om ein Bergensbanekonferanse kunne vere ein god ide med tanke på å skape merksemd, entusiasme og trøkk rundt saka vår. Mellom anna har Bergens Næringsråd antyda at dei kunne tenke seg eit slikt arrangement. Vi er usikre på om det er rom for endå ein samferdselskonferanse, og vil førebels ikkje start faktisk planlegging.

Befaring langs traseen for Ringeriksbanen

AU brukte tid på ei grundig befarung langs dei ulike trase-alternativa frå dei mogelege kryssingspunkta over Kroksundet, vidare via kryssing av Storelva, og til koplinga med eksisterande veg om bane ved Styggedalen.

Pub-kveld på Kooperativen: «Rallar for en kveld»

Lars Olsen står i bresjen for pub-kvelden «Rallar for en kveld» på utestedet Kooperativen. Her er flere viktige leder i Ringeriksregionen invitert og vil holde korte innlegg og appeller. Både Mona og Adelheid deltar på vegne av FNB. Det er ventet stor deltakelse og et entusiastisk publikum.

Vedtak: AU tek orienteringa til etterretning

AU 36/14 Eventuelt